


Kommunale målsetjingar for hjorteviltforvaltning

Øystre Slidre kommune 2022 – 2026



Vedtatt DD.MM.ÅÅÅÅ Sak XX/XX

INNHALD

Kommunale mål for hjorteviltforvaltning i Øystre Slidre kommune.....	1
OVERORDNA KOMMUNALE MÅL.....	1
MÅL FOR EI BEREKRAFTIG FORVALTNING.....	1
ROLLER OG ANSVAR I HJORTEVILTFORVALTNINGA	2
DELMÅL	2
Klima.....	2
Mål for forvaltning av elg	3
Status.....	3
Overordna mål for elgforvaltinga.....	3
Definisjonar	3
Konkrete mål for elgforvaltinga	4
Verkemiddel for måloppnåing.....	4
Bestandsplanbasert forvaltning	5
Vesentlege avvik.....	6
Vald utanfor bestandsplanområde	6
Registreringsrutiner.....	6
Kontrollrutiner.....	6
Samarbeid.....	6
Mål for forvaltning av hjort	7
Status.....	7
Overordna mål for hjorteforvaltinga.....	7
Konkrete mål for hjorteforvaltinga	7
Vald utanfor bestandsplanområde	7
Mål for forvaltning av rådyr	8
Status.....	8
OVERORDNA MÅL FOR RÅDYRFORVALTNINGA	8
KONKRETE MÅL FOR RÅDYRFORVALTNINGA	8
Grunneigarbasert forvaltning.....	9
Vedlegg.....	10
Aktuelle lovverk og aktuelle paragrafer	10
Minsteareal	10
Felling av hjortevilt som gjer skade	10
Kassering av dyr.....	11
Ettersøk	11

Viltfondet.....	11
Fristar.....	11
Rapportering.....	12
Statistikk frå Hjorteviltregisteret.....	13
Bakgrunnsdata elg	13
Ny instruks for å registrere sett-elg.....	15
Elgbeitetaksering	16
Kalveproduksjon	17
Bakgrunnsdata hjort.....	19
Sett-hjort og vårteljing av hjort på innmark.....	20
BAKGRUNNSDATA RÅDYR	21
VILTKART 2012.....	22

KOMMUNALE MÅL FOR HJORTEVILTFORVALTNING I ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

I forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3 er det bestemt at kommunen skal vedta mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort, og rådyr der det er opna for jakt på arten(e). Måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Mål for hjorteviltforvaltning i Øystre Slidre kommune er vedtatt av kommunestyre DD.MM.ÅÅÅÅ i sak XX/XX etter høringsrunde på 14 veker. Kommunestyrekomite for tekniske teneste fikk ei orientering om planen i mars og den ble lagt ut på høyring 10. juni.

OVERORDNA KOMMUNALE MÅL

Øystre Slidre kommune skal vedta målsetjingar for utvikling av bestanden av elg, hjort og rådyr, og skal ha ei forvaltning av hjortevilt som varetar bestandanes og leveområdenes produktivitet og artsmangfald. Det skal leggst til rette for ein lokal og berekraftig forvaltning med sikt på bruk av hjorteviltressursane til næring og rekreasjon.

Målsetjinga skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker. Hjortevilt i Øystre Slidre skal forvaltast innanfor dei til kvar tid gjeldande lover og forskrifter, og med bakgrunn i tilgjengeleg kunnskap om dei ulike artane.

Lovverk som legg rammene for forvaltning av hjortevilt

- Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven)
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven)
- Lov om skogbruk (skogbruksloven)

Det er eit mål og ha ei forvaltning som gir bestandar med optimal produksjon og god avkastning, sunne og friske dyr, og med ei god kjønns- og aldersfordeling. Samtidig er det ei målsetjing at viltbestandane skal regulerast på eit berekraftig nivå som tar omsyn til naturgrunnlag og andre samfunnsinteresser.

MÅL FOR EI BEREKRAFTIG FORVALTNING

Forvaltninga av hjortevilt skal legge til rette for stabile bestandar på eit berekraftig nivå i høve til naturgrunnlaget og skadepress. I tillegg skal det leggst vekt på bevaring av biologisk mangfald og andre miljøgode som ein del av naturressursane.

For å få ein kunnskapsbasert og langsiktig målsetjingane er det viktig at målsetjingane:

- blir underkasta same rulleringsregime som andre kommunale planar knytt til plan- og bygningslova.
- er konkrete og etterprøvbare (indeksar frå hjorteviltregisteret kan bidra til å styrke etterprøvbareheten i målsetjingane).
- blir evaluert nøye ved kvar revidering/ending.
- varetar andre interesser i kommunen. Naturmangfald, jordbruk, samferdsel og skogbruk bør i så måte inngå i målsetjinga til kommunen.

ROLLER OG ANSVAR I HJORTEVILTFORVALTNINGA

- Kommunen:
 - Utarbeide målsetjingar for forvaltning av hjorteviltbestanden. Vareta andre interesser (jordbruk, skogbruk, påkøyring, naturmangfald, offentlege interesser o.l.)
 - Fastsette minsteareal, godkjenne vald, bestandsplanområde, bestandsplanar, tildele fellingskvotar og behandle skadefellingssøknader.
- Grunneigar:
 - Einerett til jakt på areala sine. Samarbeid om hjorteviltforvaltning gjennom vald og bestandsplanområde, samt organiser jakta gjennom jaktfelt. Utarbeide bestandsplanar som er i tråd med kommunale målsetjingar.

Den kommunale målsetjinga legg føringar for eventuelle bestandsplanar utarbeidde av rettighetshavere i kommunen. Desse bestandsplanane må ta omsyn til offentlege målsetjingar for å bli godkjent, og det er derfor viktig at rettighetshavere blir inkludert når dei kommunale målsetjingane blir utarbeidde.

Jakt i Øystre Slidre kommune skal gå føre seg innanfor rammene av gjeldande lovverk og utøvinga skal gjennomførast i samsvar med viltlovas § 19(human jakt); Jakt og fangst skal utøvast på ein slik måte at vilt ikkje blir utsett for unødige lidingar og slik at det ikkje oppstår farar for menneske, husdyr og ikkje forårsakar skade på eigedom.

DELMÅL

Øystre Slidre kommune skal saman med rettighetshavere jobbe mot:

- ein framleis høg aktivitet knytt til jakt
- ein høgare kvinnedel
- auka rekruttering
- auka samarbeid om hjorteviltforvaltning å sjå på moglege prosjekt framleis kunne drive ein kunnskapsbasert hjorteviltforvaltning til å auke kunnskapen om hjorteviltforvaltning.
- Den kommunale hjorteviltforvaltninga skal vere tydeleg og føreseieleg på roller og ansvar.

KLIMA

Klima påverkar hjorteviltet i dag og vil òg påverke hjorteviltforvaltninga i framtida. Norsk institutt for naturforskning (NINA) laga i 2009 ein rapport med ulike scenarium for korleis forvalte store beitedyr i framtida (Andersen, Fagerheim I., & Solheim, 2009). Dei trekker fram klima som den opplagt viktigaste drivkrafta som kjem til å endre forvaltninga av store hjortevilt. Dei meiner at ein får:

- endring i vandringsmønster
- hyppigare ekstremvêr
- auka snømengde
- endra tilgangen på fôr
- auka førekomst av plante- og dyresjukdomar
- auka produksjon av hjortevilt

Hjorteviltforvaltninga kan òg påverke klimaendringar gjennom:

- tilgangen på berekraftig kjøtt
- albedoeffekten (sollyset blir mindre reflektert i mørke overflater, enn i lyse overflater) blir regulert gjennom utmarksbeite av mellom anna hjortedyr.

MÅL FOR FORVALTNING AV ELG

STATUS

Elgbestanden i Øystre Slidre kommune er generelt god, men det finst sjølvst lokale variasjonar. Dei siste ti åra har det vorte felt årleg omlag 100 elg i Øystre Slidre kommune. Trafikale hendingar på veg har dei siste 5 åra i gjennomsnitt lege på 10 elg årleg, i 2021 var talet på 2 elg.

OVERORDNA MÅL FOR ELGFORVALTINGA

- Øystre Slidre kommune har som mål om ein stabil elgbestand på dagens nivå, eller noko under dagens nivå, og med ein avskyting på om lag 90 elg årleg.
- Øystre Slidre kommune har som mål om ein produktiv elgstamme som produserer eit haustingsoverskot, til avkasting for grunneigarar, jaktinteresser og som matressurs.
- Elgbestanden i Øystre Slidre kommune skal vere i minst mogleg konflikt med jordbruk, skogbruk og trafikk.
- Øystre Slidre kommune skal jobbe mot eit godt samarbeid med Øystre Slidre driftsplanområde for elg og hjort, nabokommunar og elgregion.

DEFINISJONAR

Jaktrettshavar: Retten til å jakte på eigen eigeidom høyrer til grunneigar viss ikkje anna er bestemt, jf. viltloven § 27.

Teljande areal: Det arealet som blir lagt til grunn ved tildeling av fellingsløyvet.

Minsteareal: Omgrepet har to rettsvinklar:

- Storleiken på det teljande arealet som skal leggest til grunn for kvart fellingsløyve som jaktrettshavar har krav på.
- Arealstorleiken på det minste samanhengande området som offentleg mynde kan godkjenne som eit vald.

Minsteareal blir fastsett av kommunen gjennom lokal forskrift for elg, hjort og rådyr

Vald: Eit areal som etter søknad er godkjent av kommunen for jakt på hjortevilt.

Jaktfelt: Eit mindre geografisk område innanfor vald som jaktrettshaverane har avgrensa av omsyn til jaktutøvinga.

Bestandsplanområde: Eit område som består av to eller fleire vald som samarbeider om å utarbeide bestandsplan for elg og/eller hjort. Blir godkjent av kommunen etter søknad.

Bestandsplan: Ein fleirårig, maksimalt femårig, plan som beskriv årlege avskyting av ein hjorteviltart fordelt på kjønn og alder.

KONKRETE MÅL FOR ELGFORVALTINGA

	Gjennomsnitt 2017-2021	Mål	Virkemiddel
Sett elg per jegerdag (2014-2018)*	0,71*	Redusere	God statistikk og årlige statusmøter med jaktlaga
Sett elg per jegerdag (2019-2021)*	0,84*	Stabilisere	God statistikk og årlige statusmøter med jaktlaga
Sett ku per okse	1,48	Stabilisere på mellom 1,5-1,8 sett ku pr okse	God statistikk og årlige statusmøter med jaktlaga
Sett kalv per ku	0,64	0,7	Auke alder på koller og rett avskyting Tilpasse elgstamma til beitegrunnlaget.
Sett kalv per kalvku	1,14	1,38	Auke alder på koller og rett avskyting. Tilpasse elgstamma til beitegrunnlaget.
Andel ku med kalv	53,6 %	55 %	Auke alder på kuer og rett avskyting. Tilpasse elgstamma til beitegrunnlaget.
Slaktevekt kalv	♂ 65 kg ♀ 61 kg	Uttak av kalv med lav kondisjon – langsiktig mål: ♂ 75 kg – ♀ 70 kg	Auke alderen på vaksne. Høg del unge dyr i avskytinga. Tilpasse elgstamma til beitegrunnlaget.
Slaktevekt 1,5	♂ 130 kg ♀ 121 kg	♂ 140 kg ♀ 135 kg	Høgare kalvevekter. Tilpasse elgstamma til beitegrunnlaget.
Aldersfordeling	God/ukjent **	Høg alder på produserande dyr	Tannanalyser og rett avskyting
Kjønnsfordeling skutte > 1,5 år	♂ 53 % ♀ 47 %	♂ 50 % ♀ 50 %	Rett avskyting
Avskyting kalv	33,7 %	30 %	Redusere, skyte fleire ungdyr
Beiteskader	Noko overbeiting	Beitegrad under 35%	Tilpasse elgstamma til beitegrunnlaget. Jamlege beitetakster.
Konflikt med landbruk	Liten	Holde lavt	God kontakt med landbruket
Trafikkdrept elg	10	Redusere	Sikringstiltak og Informasjon.
Rapportering	99,9 % rapportering av vekter 2017-2021.	100 % rapportering.	Informasjon og god dialog.
Samarbeid regionalt	Middels	Auke	Dialog

(*ny instruks om sett elg registrering starta i 2019)

(**Aldersanalyser viser alder på dyra når dei vart felt. Om dette gjenspeglar alderssamansetninga i den levande bestanden avheng av samansetninga for fellingsløyva og styrken på jaktseleksjon. Til dømes veit vi at det blir skote relativt få kyr i høyproduktiv alder (4-12 år) i dei fleste norske elgbestander.)

VERKEMIDDEL FOR MÅLOPPNÅING

- Jakt er det viktigaste verkemiddelet for å styre elgbestanden. Rovdyr og trafikk har liten lokal påverknad på elgbestanden i Øystre Slidre.
- Jaktretten og forvaltningsretten til grunneigar blir nytta for å oppfylle dei kommunale måla for elgforvaltninga.
- Lokalkunnskapen og erfaringane til valda blir nytta for å sikre lokalt engasjement og lokal tilpassing i den kommunale forvaltninga.

- For å auke både slaktevektar og kalveproduksjonen bør gjennomsnittsalderen i elgbestanden aukast. Kyr og oksar i høgproduktiv alder gir tidleg fødde kalvar, større kalvar, høgare del tvillingkalv og generelt dyr med betre kondisjon. Det er òg andre ytre påverknader som er medverkande på slaktevektar og kalveproduksjon, men auka alder og vekt på produksjonsdyr er ein av dei viktigaste verkemidla for å oppnå auke (Hjeljord, 2008).
- Øystre Slidre kommune oppfordrar at uttaket gjenspeglar eit mest naturleg uttak. Det vil seie at ein har eit høgare uttak av kalv enn ungdyr/eldre. Dyr i god kondisjon skal i størst mogleg grad produsere kalv året etter.
- Øystre Slidre driftsplanområde for elg og hjort utarbeider 3 årige bestands- og avskyttingsplaner tilpassa forvaltningspraksisen i dei kommunale målsetjingane for hjortevilt.
- Øystre Slidre kommune skal bidra til godt regionalt samarbeid på tvers av kommunegrensene. Kompetansen bør aukast lokalt og regionalt for å få til ein berekraftig hjorteviltforvaltning som baserer seg på tilgjengeleg og ny kunnskap. Det er i Øystre Slidre kommunes interesse at ein stimulerer til ei heilskapleg forvaltning over store areal.
- I Øystre Slidre kommune er det mindre aktivt skogbruk og lågare del ungskog enn i kommunane lengre sør, og kommunen har dermed mindre problem med skogskadar. Men det er eit kommunalt mål å auke skogbruksaktiviteten, både med tanke på avvirkning og ungskogpleie. Ein konsekvens av auka skogbruksaktivitet er at ein produserer meir lokalt kvalitetsbeite, som igjen aukar sannsynet for at ein får ein høgare del stedeigne individ. Den negative konsekvensen av dette er at ein kan få ein høgare kostnad ved beiteskader på skog lokalt.
- Øystre Slidre kommune oppfordrar rettighetshavere til å utarbeide rutinar for samjakt – storvilt og småvilt, i område der dette er aktuelt. Forlengte jakttid for elg skal ikkje få konsekvensar for andre brukargrupper.

BESTANDSPLANBASERT FORVALTNING

Krav til bestandsplanområdet og planen

Elgforvaltninga skal i utgangspunktet vere bestandsplandrevet. Det vil seie at tildelinga skal skje til bestandsplanområda og det skal utarbeidast fleirårige avskyttingsplanar.

For å bli godkjent som bestandsplanområde blir stilt det følgjande kravet til bestandsplanane:

1. Bestandsplanområdet eller valdet må disponere teljande areal minimum 20 gangar minstearealet for å få godkjent fleirårig plan.
2. Bestandsplanen skal ha ei varigheit på to til fem år, treårige planar er å føretrekke.
3. Bestandsplanen skal innehalde:
 - a. Ei vurdering av korleis elgstamma i planområdet forhold seg til kommunal målsetjing.
 - b. Ei vurdering av korleis elgstamma har utvikla seg i den bakanforliggende planperioden.
 - c. Ei tydeleg skildring av kva tiltak som må gjennomførast for at elgstamma skal harmonere med kommunal målsetjing – eit mål for planen.
 - d. Ein realistisk årleg avskyttingsplan som bidrar til å bringe/halde elgstamma i området så tett opp mot kommunal målsetjing som mogleg.
 - e. Ei årleg evaluering av årets jakt opp mot dei kommunale måla og måla i bestandsplanen.
 - f. Avskyttingsplanen skal minimum innehalde dei følgjande tre dyrekategorier kvart år, og årleg planlagt uttak av kvar kategori skal presiserast i tal og prosentdel:
 - Kalv
 - 1,5 år og eldre hanndyr
 - 1,5 år og eldre hodyr.
 - g. Avskyttingsplanen kan delast opp i fleire kategoriar, men delen kalv i uttaket skal presiserast uansett.

VESENTLEGE AVVIK

Ved vesentleg avvik frå godkjent bestandsplan, målt i felte dyr, kan kommunen gå inn for å tildele dyr etter alder og kjønn, jfr. § 16 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, slik at føresetnadene og intensjonane i planen blir oppfylt. Miljødirektoratet antydar at ei årleg overføring på inntil ti prosent av fellingsløyva normalt kan akseptrast av kommunen. Om kvota blir overskride ved slutten av planperioden blir det sedd på som feilskyting og blir i samsvar med behandla viltlovas § 48. Dyra, eller verdien av dei vil då bli inndratt til fordel for viltfondet til kommunen.

Det blir aldri rekna som avvik dersom det blir skote kalv i staden for vakse dyr og 1,5 åringar. Avskytning av yngre dyr enn det planen betyr påverkar ikkje kvoten for neste år.

Bestandsplanområde som ikkje oppfyller kommunale målsetjingar i uttaket, som systematisk oppnår skeivt uttak mellom tildelte og felte dyr, ved at ein til dømes utnyttar kalvekvota for lite, vil få auka kalvekvotar ved den vidare tildelinga. Det blir tatt løpande omsyn til tidlegare års avskytning.

Bestandsplanområda blir oppfordra til sjølv å disponere eit visst tal fellingsløyve som skal brukast til dyr som bestandsplanområda ønsker å premiere jaktfelte for å ta ut, interne nedklassifiseringsregler, ved eventuelle feilfellingar eller ved behov for uttak av skadegjørende elg innanfor jakttida.

VALD UTANFOR BESTANDSPLANOMRÅDE

Øystre Slidre Driftsplanområde for elg vart etablert 27/4-1993, og alle grunneigarorganisasjonar i kommunen er med. Dersom nokon i framtida skulle melde seg ut av driftsplansamarbeidet kan dei få tildelt kvote etter § 18 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, det vil seie kalv, hanndyr 1,5 år og eldre og hodyr 1,5 år og eldre.

Ved årleg tildelt kvote etter § 18 blir tildelt dyr med følgjande fordeling:

- Kalv: 60 %
- Hanndyr 1,5 år og eldre: 20 %
- Hodyr 1,5 år og eldre: 20 %

For små vald blir oppfylt prosentfordelinga på tildelinga over fleire år samla.

REGISTRERINGSRUTINER

Registrering	Ansvar	Frist for innsending til driftsplanområdet	Frist for innsending til kommunen
Sett elg	Jaktfeltene/vald	5. jan	10.jan
Slaktevekt	Jaktfeltene/vald	5. jan	10.jan
Kjeveinnsamling	Jaktfeltene/vald	5. jan	10.jan

Det blir oppfordra til å rapportere sette og skutte elg kvar dag til Hjorteviltregisteret. Vekta av skutte dyr skal registrerast før skuddskada kjøtt blir fjerna.

KONTROLLRUTINER

Øystre Slidre Driftsplanområde har gode rutinar for kontroll av felte elg. I tillegg kan kommunen kan gjennomføre tilfeldige kontroller av felt elg.

SAMARBEID

Kommunen skal framleis vere ein pådrivar til å halde oppe store bestandsplanområde i Øystre Slidre kommune. Det blir òg ønskt eit størst mogleg samarbeid mellom bestandsplanområda og med kommunen. Dei jaktområda som har grense til nabokommunar bør halde kontakt med tilstøtande jaktområde i desse kommunane.

MÅL FOR FORVALTNING AV HJORT

STATUS

Hjortebestanden i Øystre Slidre kommune er framleis forholdsvis liten, men har ein stigande tendens. Dyra er flekkvis fordelte i kommunen. Vi trur at det framleis er forholdsvis lite hjort som overvintrar i kommunen, men i år med lite snø er det truleg fleire. Skogbruket har forholdsvis lite skadar som er årsaka av hjort.

Dei siste 5 åra har det gjennomsnittleg vorte felt totalt 26 hjort i kommunen. Trafikale hendingar på veg har dei siste 5 åra i gjennomsnitt lege på 1 hjort årleg, i 2021 var det ingen.

OVERORDNA MÅL FOR HJORTEFORVALTNINGA

Øystre Slidre kommune har i dag ikkje eit høgt tal sett-hjort, men det er stort sannsyn for at det kjem til å vere ein auke i tal observasjonar av hjort i framtida. Øystre Slidre kommune bør førebu seg på ein auke av hjort innanfor grensene sine.

Hjort er ein art som kan gjere betydelege skadar på skog i form av toppskotbeiting av gran og barkgnag i hogstklasse 3, og dessutan skadar på innmark i enkelte område. Skadenivået kan vere svært høgt i enkelte område der hjorten flokkar seg i tider av året. Øystre Slidre kommune har eit mål om at det skal vere minst mogleg konflikt med landbruket, trafikk og andre interesser.

KONKRETE MÅL FOR HJORTEFORVALTNINGA

	Gjennomsnitt 2017-2021	Kortsiktig mål	Virkemiddel
Bestand	Aukande	Stabilisere	Mer kunnskap om bestanden, og auke interessa for hjortejakt.
Trafikkdrept hjort	1 årlig	Holde lavt nivå	Sikringstiltak og informasjon.
Konflikt med landbruket	Holde et lavt konfliktnivå		Overvåke, og auke interessa for hjortejakt.
Auke rapportering	100 % rapportering av vekter og andre nødvendige rapporteringar jf. forskrift om forvaltning av hjortevilt § 32		Informasjon og god dialog.

VALD UTANFOR BESTANDSPLOMOMRÅDE

Øystre Slidre Driftsplanområde for elg og hjort dekker heile kommuna og alle grunneigarorganisasjonar i kommunen er med. Dersom nokon i framtida skulle melde seg ut av driftsplansamarbeidet kan dei få tildelt kvote etter § 18 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, det vil seie kalv, hanndyr 1,5 år og eldre og hodyr 1,5 år og eldre.

Tildelinga skal fordeles etter følgende kategoriar, *kalv, spissbukk, hodyr 1,5 år og eldre og hanndyr 1,5 år og eldre*.

Ved årlig tildelt kvote tildeles dyr med følgende fordeling

- 55 % hanndyr og 45 % hodyr
- Inntil 10 % storbukk
- 90 % dyr av fylgjande gruppe:
 - Kalv: 50 %
 - Spissbukk 20 %

- Hodyr 1,5 år og eldre: 20 %
- Hanndyr 1,5 og eldre: 10 %

For små vald blir oppfylt prosentfordelinga på tildelinga over fleire år samla.

For å få tildeling av hjort må det innanfor dei ulike områda kunne påvisast at bestanden er av slik storleik at den har eit høstningsverdig overskot, jf. naturmangfoldloven § 16.

Øystre Slidre kommune ønsker å presisere at det er svært viktig at jegerar rapporterer data i samband med hjortejakt til hjorteviltregisteret.

MÅL FOR FORVALTNING AV RÅDYR

STATUS

Det er stor uvisse over kor mange rådyr som finst, og som totalt blir felt, i Øystre Slidre kommune. Det er i dag ingen rapporteringssystem for sett rådyr. Enkelte vald rapporterer skutte rådyr inn til Hjorteviltregisteret, men her er det nok mange dyr som ikkje blir meldt inn. Trafikale hendingar på veg har dei siste 5 åra i gjennomsnitt lege på 9 rådyr årleg, i 2021 var talet på 5 rådyr.

I år med lite snø og god beitetilgang vil rådyrbestanden auke og bestanden har lokale variasjonar innan i kommunen. Dei åra med mest snø har det vore innført ekstraordinær bandtvang mellom anna med omsyn til rådyrbestanden.

OVERORDNA MÅL FOR RÅDYRFORVALTNINGA

- Øystre Slidre kommune har som mål om å redusere tal rådyrpåkøyringar.
- Øystre Slidre kommune skal saman med valda finne eit godt system for rapportering av fellingsresultat.
- Øystre Slidre kommune skal saman med valda finne ut meir om rådyrbestanden og leveområda for arten.

KONKRETE MÅL FOR RÅDYRFORVALTNINGA

	Gjennomsnitt 2017-2021	Kortsiktig mål	Virkemiddel
Bestand	Usikkert	Stabilisere	Meir kunnskap om bestanden
Trafikkdrept rådyr	9	Redusere	Sikringstiltak og informasjon.
Redusere menneskeleg påverka avgang	Usikkert	Auke bevisstheten	Informasjon
Konflikt med landbruket	Ukjent	Auke bevisstheten	Minimere tap av rådyrkje under slått o.l.
Auke rapportering	100 % rapportering av vektorer og andre nødvendige rapportering jf. forskrift om forvaltning av hjortevilt § 32		Informasjon og god dialog.

GRUNNEIGARBASERT FORVALTNING

Øystre Slidre kommune ønsker at rådyrforvaltninga skal få ein høgare status, både som jaktobjekt, kjøttressurs og rekreasjon, og dessutan å få meir kunnskap om rådyras leveområder og bestandsstorleik.

Vald som disponerer eit teljande areal på minimum 20 gangar minstearealet kan etter søknad tildelast fellingsløyve for rådyr som kvotefri jakt. Berre eit rådyrvald i Øystre Slidre har i dag eit minsteareal som er over dette (Skattebu/Rogne er 33 856 daa), men valdet har ikkje søkt om kvotefritak. Fellingane deira dei sidan 2008 har variert mellom 1 og 9, snitt på 4,7.

VEDLEGG

AKTUELLE LOVERK OG AKTUELLE PARAGRAFER

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

§ 1. (lovens formål)

§ 16. (høsting av vilt og lakse- og innlandsfisk)

Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) o § 1. (lovens formål)

§ 18. (grunnlag for minsteareal)

§ 19. (human jakt)

§ 20. (bruk av våpen under jakt), fjerde avsnitt

§ 34. (forfølgingsretten)

§ 37. (sammenslåing til felles viltområde)

§ 38. (sammenslåing for å oppnå minsteareal for storviltjakt)

§ 43. (viltfond)

§ 48. (viltfondets og kommunens eiendomsrett)

MINSTEAREAL

I Øystre Slidre kommune er det ved lokal forskrift (*Forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr, Øystre Slidre kommune, Oppland*) av 10.05.2007 vedtatt følgende minsteareal:

Område	Elg: Minsteareal i daa	Hjort: Minsteareal i daa	Rådyr: Minsteareal i daa
Areal aust for grensa til statsallmenningen	6000	30000	3000
Resten av kommunen	4000	10000	1500

Kommunen kan ved tildeling, jfr. § 7 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, fråvike minstearealet inntil 50 % med bakgrunn i levevilkåret til arten i kommunen, storleiken og utviklinga av bestanden, den skaden viltet valdar eller andre ekstraordinære forhold. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og kan klagast på.

Øystre Slidre kommune skal vurdere ein gjennomgang av grunnlaget for teljande areal for dei ulike valda i perioden for gjeldande kommunal målsetjing for hjorteviltforvaltning.

FELLING AV HJORTEVILT SOM GJER SKADE

I særskilde tilfelle, der andre verkemiddel er freista utan hell, eller der akutte situasjonar oppstår, kan kommunen vurdere skadefelling, jf. Naturmangfoldloven § 18 fjerde ledd.

Øystre Slidre kommune har høg terskel for å innvilge skadefelling av elg, hjort og rådyr.

For at skadefelling skal innvilgast må følgjande kriterium vere oppfylte:

- Bestanden av aktuell art er freista redusert gjennom ordinær jakt.
- 50 % dispensasjon frå minstearealet.
- Jaktfeltet i aktuelle vald feller tildelt kvote.
- Jakta blir retta mot skadelidande individ eller areal og nærområder.
- Det skal vere utført omfattande skadeforebyggende tiltak.
- Utført skremsletiltak må vere beskrive, av vesentleg omfang, dokumentert og vurdert til å ikkje ha tilstrekkeleg effekt.

KASSERING AV DYR

Kassering kan berre gjerast av veterinær, eller av den som kommunen måtte bestemme gjennom sine instruksar. Ved mistanke om kassering skal indre organ kunne visast fram.

ETTERSØK

All skadeskyting, eller mistanke om skadeskyting, skal utan unntak varslast kommunen ved oppnemnd kontaktperson ved utgangen av same dag, jf. Forskrift for jakt, felling og fangst. Det er kommunen som avgjer korleis eit vidare ettersøk skal organiserast og når eit pålagt ettersøk skal avsluttast. Det er ikkje tillate å jakte på, eller felle andre dyr mens ettersøk pågår. Jaktlag innanfor same vald pliktar å bistå under ettersøk så lenge kommunen meiner det er mogleg finne og avlive dyret. Det er den enkelte jegeren som har ansvaret for handlingane sine, og saman med jaktleiar har ansvar for at riktig prosedyre blir følgd. Tilfelle der det blir antatt brot på desse avgjerdene blir, utan unntak, meldt til politiet.

Jegerar og jaktlag skal ha tilgang til godkjent ettersøkshund når dei jaktar elg, hjort og rådyr. Kommunen kan krevje at jaktlag oversender inngått avtale om godkjent ettersøkshund.

VILTFONDET

Kommunar som opnar for jakt på elg og/eller hjort skal etablere eit kommunalt viltfond, jf. Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Inntektene til kommunalt viltfond er den offentlege fellingsavgifta for elg og hjort og avkastinga av fondet. Det skal betalast fellingsavgift for alle dyr (elg og hjort) som er skote lovleg under jakt. Det skal òg betalast fellingsavgift for fallvilt som blir tatt på kvota. Fellingsavgifta følgjer dyret, det skal då ikkje betalast fellingsavgift for feilskutte dyr som blir inndratt av kommunen. Blir overdratt feilkutt dyr til andre, skal fellingsavgifta belastast valdet som overtar dyret. Det skal ikkje betalast fellingsavgift på dyr som er sjuke eller liknande, og som er trekt frå kvota. Satsane for fellingsavgifter skal fastsetjast av kommunen gjennom vedtak innanfor ramma fastsett av kongen jf. Viltloven § 40

Fondet kan brukast til:

- Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regionen av organisasjonar, enkeltpersoner eller kommunen sjølve.
- Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å førebygge skader på landbruksnæring årsaka av hjortevilt.

Fondet kan ikkje brukast til:

- Kommunale eller fylkeskommunale administrasjon av viltforvaltning (faste utgifter til lønn, møtegodtgjersler, reise mv.).
- Å erstatte skade årsaka av vilt.
- Skotpremier.

FRISTAR

- 15. januar:
 - Fremme forslag om endring av minstearealet.
- 15. mars:
 - Frist for kommunen å fastsetje minstearealet.

- 31. mars:
 - Frist for kommunen å rapportere fallvilt til SSB via Hjorteviltregisteret
- 1. april:
 - Kommunens frist for å trekke tilbake valdgodkjenning
 - Kommunens frist for å trekke tilbake godkjenning av bestandsplan og bestandsplanområde.
 - Kommunens frist for å tilbaketrekke kvotefri jakt på rådyr.
 - Rettighetshavars frist til å trekke eigedommen ut av godkjent eller omsøkt vald eller trekke vald ut av godkjent bestandsplanområde.
- 1. mai:
 - Rettighetshavars frist for å søke godkjenning av vald eller bestandsplanområde.
 - Rettighetshavars frist for å melde endringar i valdet eller i bestandsplanområde til kommunen.
 - Rettighetshavars frist for å søke om godkjenning eller endringar av bestandsplan.
 - Rettighetshavars frist for å søke om kvotefri jakt på rådyr.
- 15. juni:
 - Kommunens frist for å godkjenne vald, bestandsplanområde, bestandsplan for elg eller hjort og kvotefri jakt på rådyr.
 - Frist for utsending av fellingsløyver for elg, hjort og rådyr.

RAPPORTERING

For elg, hjort og rådyr skal valdansvarlig representant rapportere årleg fellingsresultat til kommunen innan 14 dagar etter end jakt. Kommunen skal rapportere til SSB innan 30 dagar etter end jakt. Fellingsavgifter på elg og hjort blir sende ut til valda så raskt som mogleg når fellingsdata gjeld.


Øystre Slidre Driftsplanområde for elg og hjort arrangerer i samarbeid med kommunen, eit ope fellesmøte der ein har ein gjennomgang av årets jakt.

STATISTIKK FRÅ HJORTEVILTREGISTERET


De viktigaste sett dyr-indeksane

- **Antal dyr sett per jegerdag (observasjonsraten):** Ein indeks på bestandstettleiken. Blir berekna ved å dele alle observasjonar av elg eller hjort med det summerte talet jegerdagar innan eit definert jaktområde og innan ein avgrensa jaktperiode (vanlegvis heile jaktseasonen).
- **Antal dyr skutt per jegerdag:** Ein annan indeks på bestandstettleiken. Blir berekna ved å dele alle elg eller hjort skote med talet jegerdagar i jaktområdet og jaktperioden.
- **Sett kalv per hodyr:** Ein indeks på produktiviteten til bestanden. Blir berekna ved å dele talet kalvar observert med talet hodyr eitt år og eldre.
- **Sett kalv per kalvku:** Ein alternativ indeks på produktiviteten til bestanden. Blir berekna ved å dele alle kalvar frå kalveførende elgkyr med talet kalveførende elgkyr. Ved å trekke frå éin får vi tvillingraten som er delen kalveførende kyr med tvillingkalv.
- **Sett hodyr per hanndyr:** Ein indeks på kjønnsraten i bestanden. Blir berekna ved å forhalde talet hodyr eitt år og eldre med talet hanndyr eitt år og eldre.
- **Sett spissbukk per eldre bukk:** Indeks på rekrutteringa av unge bukkar i hjortebestandene. Ingen tilsvarende indeks blir for berekna elgbestandane då det ikkje skilst på åringsoksar og eldre oksar i sett elg-overvåkinga.


BAKGRUNNSDATA ELG



Figur 1: Figuren viser felte elg, tildelt kvote og fellingsprosent. Dersom fellingsprosenten aukar når kvoten aukar kan det tyde på at bestanden veks.




Figur 2: Figuren viser felt elg pr. jegerdag, sett elg pr jegerdag og fellingsprosent. Dei to siste verdiane er delte på 10 for å lettare vise samanhengen. Frå og med hausten 2018 vart instruksjonen for registrering av sett elg og sett hjort endra. Etter ny instruks skal alle observasjonar av dyr teljast og blir rapporterte. Denne endringa skulle gjennomførast i Øystre Slidre frå og med jakta 2019. Dette vil naturleg nok føre til at sett pr. jegerdag vil auke frå den nye metoden vart tatt i bruk i 2019, og at gamle og nye indeksverdiane ikkje vil vere samanliknbar. Overgang til ny tellemetode er i figuren markert med ei raud linje, og denne viser lita endring frå 2019 til 2021. Medan «felt elg pr dag» (den orange) viser ein nedgang. Fellingsprosenten samtidig viste ein oppgang (78,6 % til 82,4 %) frå 2019 til 2020, og ein nedgang igjen til 2021 (77,2%). Det er anbefalt å bruke indeksen felt dyr pr. jegerdag som alternativt mål på bestandsutviklinga i ein overgangsperiode. Felt dyr pr. jegerdag vil ikkje påverkast av instruksendringa, og tidlegare studiar viser at indeksen er eit godt mål på bestandsstorleik. Som de ser er det ganske god samheng mellom desse (den grønne og den blå linja). Forskjellen er størst frå 1997-2003 då kvotane truleg var for høge. I denne perioden var bestanden i nedgang, medan kvotane framleis var høge. Det førte til at jaktlaga ofte hadde kvote til å felle dei elgane jegerane fekk sjå i skogen.




Figur 3: Mål: Kjønnssforholdet i totaluttaket bør være lik kjønnssfordeling i kalveuttaket; hanndyr 55 %, hodyr 45 %.

NY INSTRUKS FOR Å REGISTRERE SETT-ELG




Figur 4. Frå jakta i 2019 skulle alle observasjonar av elg og hjort blir registrerte, uavhengig av om dyret er sett tidlegare same jakt dag eller jaktøkt. Alle observasjonar av dyr sett under jakt skal førast. Såkalla dobbeltobservasjonar, dyr dei meiner er observert av fleire jegerar same dag, skal ikkje kansellerast. Tal dyr sett per jakt dag blir dermed det samla talet dyreobservasjonar for alle jegerane i jaktlaget. Sett elg pr. jeger dag og prosent felt elg av sett elg som blir påverka av endring i registreringsmetode, og nokre figurar er derfor ikkje oppdaterte. Det blir anbefalt å bruke felt elg pr. jeger dag i staden for sett elg pr. jeger dag. Dei neste sidene Dei andre indeksane kan brukast som vanleg.

ELGBEITETAKSERING




Figur 5. Diagrammet viser beitegrad for furu, bjørk og ROS artar fordelt på ulike år med elgbeitetaksering. Forsiktig forvaltning er å vere sikker på at vi tar ut nok elg. For hardt beite gjer at: plantane produserer mindre → bæreevna for elg blir reduserte → slaktevektene på dyr går ned → låg vekt på unge dyr gir dårlegare kondisjon på vaksne dyr → elgkyrne blir seinare kjønnsmodne og dei føder færre kalvar.

Etter ein periode med stort overbeite, vil det bli langvarige verknader. Stammen må reduserast kraftig for at beita skal ta seg opp igjen. Vi får etterslep i elgstammen fordi små kyr vil gi lettare kalvar som igjen blir lette vaksne dyr.




Figur 6. Slaktevekter for kalv viser en nedgående trend, og vi vektene viser ein liknande tendens for ungdyr.


KALVEPRODUKSJON




Figur 7. Figuren viser kvar stor prosent av alle setje kyr som har ein eller fleire kalvar. I 2021 hadde 49,3 % av elgkuene kalv (1 eller 2 kalvar). I 2020 hadde 50,8% av elgkuene kalv (1 eller 2 kalvar). I 2019 hadde 59,5% av elgkuene kalv (1 eller 2 kalvar). I 2018 var det mange kyr utan kalv, og då var det berre 46,4% som hadde kalv.




Figur 8. Kalv pr ku (alle kuer).



Figur 9. Figuren viser tvillingraten.




Figur 10. Kjønnfordeling i "sett ku pr okse" er rundt 1,5 og i god balanse i dag. Forholdet "sett ku/okse" bør ligge mellom 1,5 og 1,8.




Figur 11. Sett elg pr jegerdag viser hvor mange elg en jeger i gjennomsnitt ser hver dag. NB. Ny tellemetode frå 2019.

BAKGRUNNSDATA HJORT




Figur 12. Tildelt kvote og felte hjort i perioden 2008 til 2021. Frå og med 2014 vart hjort med i driftsplansamarbeidet og det kunne derfor tildelast ein felles kvote for heile driftsplanområdet. Kvoten vart tildelt som frie dyr frå 2014, og i same tidsrom har bestanden av hjort òg auka, dette har ført til ein auke i fellingane.

Datagrunnlaget for hjortebeholdningen er relativt avgrensa, og det er eit behov for å samle inn meir data om hjortebeholdningen for å få betre oversyn. Det blir registrert slaktevektar for hjort i Øystre Slidre, men med såpass få fellingar årleg er det ikkje stort nok datagrunnlag til å kunne bruke dataa på lokalt nivå.



Figur 13. Sett-hjort data for Øystre Slidre er mangelfullt, delvis fordi hjortejakta føregår samtidig med elgjakta. skal registrerast når jaktlaga jaktar hjort.




Figur 14. Tildeling av felles storbukkvote og frie dyr har fungert bra i Øystre Slidre. Figuren viser måloppnåing. Mål i driftsplan 2017-2019, og 2020-2022: 55 % hanndyr (inkl. 10% storbukk), og 45 % hodyr

SETT-HJORT OG VÅRTELJING AV HJORT PÅ INNMARK

Vårteljning av hjort på innmark gir eit bilete på den relative bestandsstorleiken om våren, og kan seia noko om bestandsutviklinga over tid. Vårteljninga må gjennomførast årleg på bestemte datoar og til bestemd tid på døgeret langs faste ruter som er like frå år til år. For å telle hjort på våren er vi avhengig av godt beite tidleg nok på året slik at hjorten kan telljast ved at ein lyser på dei med lyskastar/sterk lykt når dei beiter. Vårteljning av hjort er derfor mindre aktuelt i Øystre Slidre enn lengre vest og sør fordi beitetilgangen på innmark ikkje er bra nok så tidleg på våren.

BAKGRUNNSDATA RÅDYR

Det er ikkje registrert slaktevekter for rådyr i Øystre Slidre. Generelt er det lite innsamla datamateriale for rådyr, og noko usikkert om innsamla materiale er komplett. Det er behov for å samle inn meir data om rådyrbestanden for å få betre oversikt over bestanden.










Figur 7. Det er truleg manglar i registrert felte rådyr i kommunen. Øystre Slidre kommune har som mål om å ha 100 % rapportering på felte rådyr, og dessutan at alle vektorer blir rapporterte inn.

Temakart Vilt







Hjortevilt - Hønsfugl

Tegnforklaring

-  Trekkorridor elg (100 m bredde)
-  Andre viktig funksjonsområde for elg: W - vinter, V - vår, S - sommer, H - høst
-  Hekkeområde hønsfugl (rype, fjellrype, orrfugl)
-  Vinterområde hønsfugl (rype, orrfugl, storfugl)
-  Andre viktige område for hønsfugl
-  Andre viktige område for hønsfugl (punkt)



VIKTIGE FUNKSJONSOMRÅDE FOR HJORT OG RÅDYR



Datagrunnlag og metode

Formelt grunnlag
Kommunen har som forvaltningsmyndighet etter [viltova](#) ansvar for å bidra til måloppnåing i samsvar med § 1: Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med [naturmangfoldloven](#) og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv. **Overordna arealplaner er viktig verkøy for bærekraftig forvaltning av viltet sine leveområde.** Kommunen har videre forvaltningsmyndighet/oppgaver etter §§ 16, 36, 37, 38 og 48.

Kommunen har også myndighet/oppgaver etter m.a. følgende forskrifter:

- [Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever](#). Etter forskrifta (§ 3) skal kommunen utarbeida mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr. § 4 vektlegg interkommunalt samarbeid om felles mål for hjorteviltbestandane når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanlegginga over kommunegrenser. Jfr. også [Rundskriv februar 2012](#).
- Kommunen har også myndighet/oppgaver etter følgende forskrifter: [Forskrift om felling av viltarter som gir skade eller som vesentleg reduserer andre viltarter sin reproduksjon](#) (heimla i naturmangfoldlova § 18), [Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort](#), [Forskrift om hold av vilt i fangenskap, oppdrett av vilt i innhegna område og jakt på oppdretta utsett vilt](#), [Forskrift om innfangning og innsamling vilt for av vitenskaplege eller andre særlege formål](#).

[DN-handbok 11-2000](#) om viltkartlegging er lagt til grunn ved utarbeiding av viltkart.

Datagrunnlag

Første digitale utgåve av viltområdekart vart etablert 2004. I tillegg til tilgjengelig skriftleg materiale/fagrapportar var opplysningar frå jaktlagta viktig grunnlag særleg for hjortevilt. Data vart kvalitetssikra av lokal faggruppe og registrert i kommunen sin naturbase (Natur 2000).

Som grunnlag for oppdatering av viltkart er det i perioden 2009 – 2012 gjennomført feltarbeid og utarbeida fagrapportar for utvalde område m.a. i samband med kommunedelplanane for Beitoestølen og Gravfjellet.

For tema småvilt (hønsfugl) og hjortevilt (elg) er også gjeldande kart gjennomgått og oppdatert av intern faggruppe bestående av fjellovnsynet, skogbrukssejef og fagsjef miljø. Viktige funksjonsområde for hjort og rådyr er basert på kart frå 2004.

Opplysningar om såbare/raudlista artar er overført til temakart 'Naturmangfald'. Kart er basert på data frå [artsdatabanken/artskart](#). Kart over fallstad for elg/viktige jaktområde er basert på kartfesting utført av jaktlagta på kart i målestokk 1:50000 – totalt 2524 dyr. Statistikk er basert på data frå SSB (irregulær avgang) og [Hjorteviltregisteret](#).